

Høyring snart i Bringedalsbygda**30.10.2013**

I januar skal det gjennomførast ei høyring i Bringedalsbygda krins om kor elevane der skal ha skuletilbodet sitt i framtida, går det fram av rådmannen sin utgreiing om skulestrukturen.

Den skal handsamast av komiteen for oppvekst, kultur og idrett tysdag og konkluderar med at ein reduksjon av talet på grunnskular er naudsynt.

Rådmannen konstaterar at Bringedalsbygda ikkje har vore med i høyringa førebels, men at ein her må ha ein god prosess med høyring og vurdering av flytting av kringsgrenser før dei eventuelt vert involvert og vedtekne samanslegne.

Rådmannen rår til at dette arbeidet vert starta snarest og at kommunestyret kan gjera vedtak i god tid før skuleåret 2015/2016

Då saka var oppe sist for snart eitt år sidan gjekk eit fleital inn for at ei overflytting til Undarheim skulle på høyring.